

Rein oppleving på Voss Ski NM 2012



Det er ikkje berre skiidretten si framtid som er avhengig av eit reint miljø og eit stabilt klima. Gjennom prosjektet "Hvit vinter" og miljøsertifisering av større arrangement, tek skiidretten ansvar for å redusere negative konsekvensar av eiga verksemd og aktivitetar. Tanken om ein tydeleg miljøprofil låg til grunn alt då NM-søknaden vart sendt, og vi har prioritert å nytte ressursar på dette.

Vi oppfordrar samarbeidspartnarar, publikum og utøvarar til å bidra til at Ski NM i 2012 vert eit klima og miljøvenleg arrangement.

Det er gjennomført klima- og miljøtiltak i alle delar av Ski NM 2012. Dei viktigaste er:

TRANSPORT

- Alle funksjonærar nyttar oppsette bussar til og frå arenaen
- Tilrettelagt for at hovudtyngden av publikum nyttar oppsette bussar til og frå arenaen
- Oppfordring om at tilreisande nyttar kollektivtransport til og frå Voss
- Bruk av lokale leverandørar medfører minskede trafikkbelastning

AVFALL

- Tilrettelagt for minst 70 % kjeldesortering av avfallet
- Tilrettelagt for innsamling av farleg avfall frå smørebuer
- Oppfordring til leverandørar om å avgrense emballering
- Oppfordring til sponsorar om ikkje å dele ut reklameartiklar med kort levetid
- Samarbeid med Freestyle-VM på Voss 2013 for gjenbruk av m.a. skilt og utstyr

INNKJØP

- Prioritering av miljøsertifiserte verksemder
- Val av miljømerka produkt

ENERGI

- Ski NM nyttar straum frå fornybare energikjelder med opphavssertifikat
- Interne rutinar for å avgrense energiforbruket

MAT

- Hovudvekt på lokale matprodusentar og kortreist mat generelt

SERTIFISERING

- Ski NM 2012 er sertifisert som Grønt arrangement i sertifiseringsordninga Miljøfyrtårn

Takk for ditt bidrag til ei
rein oppleving og eit klima-
og miljøvenleg Ski NM 2012!

